



DEI FLESTE MÅ BETALE UTGIFTEN ETIL TANN- BEHANDLING SJØLVE, MEN DET FINST UNNTAK:

Har du rett til stønad
frå folketrygda til
tannbehandling?

- Be tannlegen om ei vurdering av kva du kan ha rett på.
- Spør om tannlegen har avtale om direkte oppgjær med HELFO.

1. Sjeldan medisinsk tilstand (sjå diagnoseliste på www.helfo.no eller spør tannlegen)
2. Leppe-kjeve-ganespalte
3. Svulst i munnhole, tilgrensa vev eller i området rundt hovudet
4. Infeksjonsførebyggande behandling ved særlege medisinske tilstandar (organtransplantasjon, ulike krefttilstandar, hiv/aids)
5. Sjukdommar og anomaliar i munn og kjeve (tann- og kjevekirurgisk behandling)
6. Periodontitt (tannkjøttssjukdom)
7. Tannutviklingsforstyringar (medfødde tilstandar)
8. Bittanomalier (tannregulering/kjeveortopedi)
9. Patologisk tap av tannsubstans ved attrisjon/erosjon (alvorleg tannslitasje)
10. Hyposalivasjon (tørr munnhole)
11. Allergiske reaksjonar mot tannrestaureringsmateriale (i munnhole eller på hud)
12. Tannskade ved godkjent yrkesskade
13. Tannskade ved ulykke, som ikkje er yrkesskade (fritidsulykker)
14. Manglande evne til eigenomsorg ved varig sjukdom eller ved varig nedsett funksjonsevne (tilstand som har vart i meir enn eitt år og ført til redusert tannhelse)


SPØRTANNLEGEN DIN
- sjå www.helfo.no eller
ring 815 70 030

BEHANDLING HOS TANNLEGE **MED** AVTALE OM DIREKTE OPPGJER:

- Du skal ikkje sende inn krav til HELFO
- Stønad etter fastsette takstar frå folketrygda vert utbetalt direkte til tannlegen
- Rekninga du får frå tannlegen gjeld det du skal betale sjølv

BEHANDLING HOS TANNLEGE **UTAN** AVTALE OM DIREKTE OPPGJER:

- Du må legge ut for behandlinga sjølv
- Du får "Skjema for tannbehandling", del I - kvittering for refusjon, frå tannlegen. Den skal sendast HELFO, med di og tannlegens underskrift.
- Stønad etter fastsette takstar frå folketrygda vert utbetalt til din konto. Husk å gi opp kontonummer!



Frist for å sende inn rekning er seks månader frå det tidspunkt kvar enkelt undersøking eller behandling vart gjort/avslutta.

Ver merksam på at pris frå tannlegen kan vere høgare enn takstar frå folketrygda.

Merk deg følgjande:

- o Rekning frå tannlegen, som ikkje er spesifisert etter takstar og reglar frå folketrygda, er ikkje tilstrekkeleg stønadsgrunnlag.
- o Uttale frå fastlege, sjukehus og liknande skal eventuelt leverast til tannlegen.
- o Søknad om førehandsgodkjenning gjeld ikkje lenger
- o Kvittering for skattefrådrag skal sendast til skatteetaten. Denne ordninga vart teken bort frå og med inntektsåret 2012 – sjå www.skatteetaten.no.
- o Søknad om sosial bistand skal sendast til NAV lokalt/ sosialkontoret.
- o Erklæring/melding om yrkesskade skal sendast til NAV lokalt – sjå www.nav.no.
- o Krav om reiseutgifter - sjå www.pasientreiser.no eller ring 05515.

Frikort eigendel tak 2

- o Nokre få type tannbehandling er omfatta av reglane for Frikort eigendel tak 2.
- o Du får "Skjema for tannbehandling", del II – kvittering for eigendel, frå tannlegen. Den skal du behalde sjølv.
- o Når du har betalt eigendelar utover beløpsgrensa for Frikort eigendel tak 2, som er 2.560 kroner i 2012, sender du kvitteringane til HELFO sitt regionkontor.

Søknadsskjema med adresser finn du på www.helfo.no/frikort. Du kan også ringe Frikort-telefonen 815 70 050.